

Kårhus på beiteland ved Musland?

18.09.2007

Møyfrid og Anders Kristoffersen har søkt kommunen om omdisponering av beiteland på toppen av Storhaug ved Musland til ei tomt for bygging av kårhus/utleigehytte. Søknaden gjeld berre for eit område som er stort nok for sjølve hus-grunnen. Det skal altså ikkje vere eit hageområde knytt til huset.

Bakgrunnen for søknaden er at dei etterkvart ønskjer å overdra garden til sonen som planlegg å flytta tilbake frå Bergen med familien. Han jobbar i Nordsjøen og sjølv om garden vert overdregen vil det vera naudsynt at foreldra bidreg med drifta i mange år framover, Difor ønskjer dei å bu i nærleiken. Dei ønskjer også å bu heime og vera sjølhjelpne så lenge som mogeleg.

Utleigehuset som dei allereie har på garden er ikkje eigna til å bli gamal i. Det kan ikkje nyttast som kårhus men vil vidare - som i dag – bli nytta til utleige.

Kårhuset/utleigehytta skal ikkje delast frå hovedbruket. Den skal i framtida gå over til å vere utleigehytte og inntektskjelde til gardsdrifta.

Av Ola Matti Mathisen